

Å lesa litteratur med skeive briller Eksempalet Vesaas

Per Esben Myren-Svelstad

Innleiing¹

Kjønn og seksualitet er tema vi alle har eit forhold til, og som vi aldri blir ferdige med å diskutere. I år feirar vi at det er 50 år sidan lovforbodet mot sex mellom menn vart oppheva. Vi har lagt bak oss ein vår med diskusjonar om Pride og plassen det arrangementet skal ha i skulen. Sumaren starta med eit grotesk, homofobisk terrorangrep dagen før Oslo Pride. Og det går knapt ein dag utan at ein finn debattinnlegg i avisa som handlar om korleis vi skal forstå kjønn når transpersonar er meir synlege vortne. Kva for idrettsklasse skal transkvinner delta i? Korleis skaper vi eit samfunn som inkluderer flest mogleg? Dette spørsmålet rår alt frå kvardagslege ting som garderober og toalett til meir filosofiske spørsmål som kva kjønn er og tyder.

Anten vi vil eller ikkje, må vi no tenkje gjennom omgrepa kjønn og seksualitet, fordi desse spørsmåla no gjennomsyrrer alle samfunnsområde. Eg framhevar dette fordi forfattaren vi feirar her, Tarjei Vesaas, levde i ei tid som ikkje var heilt ulik den brytingstida vi står i. Vesaas vart fødd i 1897. Sex mellom menn – eller «utugtig omgjængelse mellom personer af mandkjøn» – vart forbode ved lov då han var åtte år gamal, i 1905. Han debuterte som forfattar i 1923, eit år etter at den same straffelova hadde vore oppe til debatt i Stortinget. Det var faktisk nære på at lovforbodet vart fjerna, femti år før det som vart tilfelle. Éi viktig årsak til det var utviklinga av ei idéstrøyming som tvinga medisinarar og juristar, men ikkje minst kunstnarar, til å tenkje gjennom kjønn og seksualitet på nytt. Eg tenker naturlegvis på psykoanalysen, som vi gjerne knyter til den austerrikske lækjaren Sigmund Freud.

¹ Føredraget byggjer på artikkelen «Å bli som ein kar: Patriarkat, erotikk og homososialitet hjå Vesaas og Sveen» (*Norsk litterær årbok*, 2018).

Freud meinte å vise at alle menneske kunne utvikle seg i allslags retningar, reint seksuelt. Som alle andre på den tida meinte han at det beste var å utvikle seg til å bli heteroseksuell. Men Freud fordømte ikkje dei homofile som syndarar, slik religiøse leiarar gjorde, og framleis gjer. Han var nysgjerrig på mekanismane som gjorde at nokon vart homofile, andre heterofile, og meinte å kunna prove at det hadde å gjera med erfaringar i barneåra.

At Freud fekk stor innverknad på tankar om kjønn og seksualitet i mellomkrigsåra, tyder ikkje at andre tankar forsvann. Framleis var kyrkja ein maktfaktor, og så seint som i 1954 kom Bispemøtet med den no illgjetne fråsegna om at homoseksualitet var «en samfunnsfare av verdensdimensjoner» som det gjaldt å motarbeide.

Og sexologane på 1800-talet skapte ein måte å forstå homoseksualitet på, som kanskje lever vidare blant fleire i dag. På 1800-talet voks storbyane fram i vestlege land, det vart enklare å reise dit ettersom jarnbane og vegar vart utbygde, og mange flytte frå bygdene inn til dei veksande industri- og serviceyrka i byane. Der låg det til rette for anonyme møte og det å utforske identiteten sin. Dimed oppstod dei fyrste homomiljøa, og stader som jarnbanestasjonar, pubar og pissoar vart treffpunkt særleg for menn. Sexologane som observerte dette, slutta seg til at det måtte vera noko med byen som gjorde at menn vart homoseksuelle. Dei tenkte seg at menn vart feminiserte av å ikkje bu på landet og ikkje ta del i styrkande gardsarbeid. Dimed vart det skapt eit bilde av at homoseksuelle menn var urbane, feminine, svake og ofte sjukelege.

Ein kan seia mykje om synet på både homofili, kvinner og byfolk som ligg i dette. Men poenget her er at dei som levde i mellomkrigsåra, opplevde noko som liknar på det vi gjer no: Ulike syn på kjønn og seksualitet og korleis vi skal forholde oss til det som samfunn, vart brotne mot kvarandre. Det eg vil gjera i lag med dykk her, er å utforske korleis vi kan få auge på nye element hjå Vesaas viss vi nyttar desse ulike

idéane om kjønn og seksualitet i samtida hans som kontekst. Det er det eg meiner med å lesa litteratur med skeive briller.

Eg vil hevde at forfattarskapet til Vesaas er ei gullgruve for å sjå nye ting med skeive briller. Her skal eg ta for meg Per Bufast-romanane *Det store spelet* og *Kvinnor ropar heim*. I *Det store spelet* følgjer vi odelsguten Per Bufast. Far hans, Eilev, gjentek gjennom heile barndomen hans ei setning som nesten blir som eit gudsord: «Du skal bli på Bufast all din dag». Faren personifiserer pliktkjensla det fører med seg å vera den eldste guten på ein gard: Han snakkar med eit «jordmæle». Per drøymmer om å koma seg ut og kanskje studere, men etter eit skremmande overgrepforsøk frå ein annan mann kjenner Per seg etter kvart sterkare knytt til garden. Han innser at han må gje avkall på alle ambisjonar om å gjera noko anna enn å gifte seg og ta over garden. Han frir til barndomsveninna Signe Moen, og det står at han «kverkar» dei indre røystene som seier nei: «Han var tett ved jordi no. Klembd ned imot henne ved veki av ei kvinne. Han var inderleg med i det mektige spelet». På overflata er dette ei forteljing om pliktkjensla ein odelsgut blir påført, og den angsten han kan føle på for å ikkje leva opp til idealet faren og slekta set. Men samtidig spelar kjønn og seksualitet ei stor rolle i den indre konflikten Per kjenner på. Dette kan vi få auge på om vi les romanen med skeive briller. For Per har ein dragnad mot noko anna – ein umogleg langt etter venen Olav.

Det pastorale

Det er nesten overraskande når ein les *Det store spelet* i dag, kor tydeleg Vesaas antyd at Per og Olav kan tolkast som eit kjærastpar. På skulen blir dei kalla «partoskane». Gjennom heile romanen får vi skildra korleis dei badar saman; dei sym og ovundrar kroppane til kvarandre. I barndomen, fram til konfirmasjonstida, møtest Per og Olav på ein fast plass ved elva *Tvinna*, og namnet spelar kanskje på det å tvinne saman, å bli eitt med kvarandre og med naturen. Elvebreidda er ein romantisk fristad:

Per tok steinar og kasta ut i Tvinna. Olav tok same slags steinane og kasta.

Olav reiste bakum eit holt litt, då reiste Per òg bakum eit holt litt. Her var ein slett bergvegg, og blaute steinar som ein kunde skrive på bergveggen med. Per skreiv på veggen med store tydelege bokstavar:

Olav Bringa.

Olav skreiv, med same slags småskuleskrifti:

Per Bufast.

Tvinna susa venlegare. Her var ikkje ei synd. Dei såg inn i augo av kvarandre. Det rykte i dei, og bak ein tunn vegg syntes det vera alt det andre: vondt, slagsmål, furting, keidsamt arbeid, stygge ord – dei skunda seg og såg til kanten og jaga det tilbakars dit det kom ifrå. Det var ingenting. Her fanst ikkje noko slikt! Då dei so såg på einannen att, so fanst det ikkje heller.

Skogholtet kastar eit slør mellom Olav og Per på den eine sida og skule- og gardskvardagen på hi. Tek vi dei skeive brillene på, kan vi sjå at Vesaas her knyter seg til ein lang, litterær tradisjon som særleg homofile forfattarar har utnytta. Det dreiar seg om det vi kallar *pastoraldikting*, eller hyrdedikting. Det er vanleg å føre denne sjangeren attende til grekaren Theokrit. Han levde på Sicilia på 200-talet f.Kr. og skreiv dikt han kalla *idyllar* – det var faktisk han som fann opp det ordet. I idyllane sine skildra Theokrit gjetargutar – og budeier – som ligg og slangar seg i solfylte landskap. Dei speler musikk og dyrkar kjærleik og erotikk i alle retningar. Det er her uttrykket «hyrdestund» kjem frå.

I moderne tid har hyrdediktinga vorte ein tradisjon forfattarar som skildrar homofili, implisitt refererer til ved å skildre liknande miljø. Homofil kjærleik går føre seg ute i ein idyllisk, vakker og roleg natur. Dette finn vi hjå forfattarar som Walt Whitman, Marcel Proust, den store svenske skildraren av lesbisk kjærleik, Agnes von Krusenstjerna – og vi finn det i ein lite kjend roman av Sigrid Undset med tittelen

Splinten av trolspeilet frå 1917, der hovudpersonen Uni Hjelde, frustrert og utilpass i ekteskapet sitt, reiser opp på eit høgfjellshotell, der ho vandrar omkring i lyngen og langs bekkefar og lengtar attende til ungdomsveninna Charlotte (Undset kan òg lesast med skeive briller). Og vi finn altså hyrdediktinga, meiner eg, i skildringa av Per og Olav. Holtet ved Tvinna er idyllisk plass, skild frå det nytteorienterte jordbrukssamfunnet, og utan synd. Med dette kan vi hevde at Vesaas knyter skildringa av Per og Olav til ein lengre litterær tradisjon der kjærleik mellom menn handlar om å overgje seg til naturen framfor å forvalte han på ein maskulint kontrollerande måte. Dette har ein ganske sterk retorisk funksjon, for homoseksualitet vart av medisinen på denne tida omtala som *imot naturen*. Ved å skildre likekjønna dragnad i denne typen miljø, er det som om Vesaas vil vise lesaren at dette òg høyrer heime i naturen.

Men det pastorale kan ikkje halde kvardagen unna for alltid. Per og Olav er òg knytte saman gjennom felles attrå til grendejenta Åsne, som Olav mot slutten av *Det store spelet* gifter seg med. Henne slåst dei om, og på grunn av henne blir dei lenge uforlikte og unngår å møtast ved Tvinna. Kva Olav tenkjer, veit vi ikkje, for Vesaas viser oss berre tankane til Per gjennom romanen. Ikkje dess mindre får vi såleis innsikt i at for Pers del er attråa overfor Åsne fyrst og fremst motivert av ei eksternt påført forventning om å føre garden vidare. Idet Eilev, faren, blir sjuk og ligg for døden, innser Per at garden er noko større enn han sjølv og dei enkeltpersonane som bur der. Garden er arena for eit stort spel, der det ikkje tyder noko kva kvar enkelt vil og ynskjer seg. Garden kjem til å leva vidare sjølv om enkeltmenneska som forvaltar han, dør. Dette utløyser følgjande refleksjon: «Per visste godt kva han lengta mest etter. Det var ikkje Åsne. Det var Olav Bringa. Han vilde få ha Olav ved sida si att. Ha Olav rett framfor seg og sjå dei grå augo hans. Få sitje tegja jamsides honom. Få symje i Tvinna saman med honom, og ligge i soli på flate steinhellor. *Og Olav vilde nok koma att*». Nesten umerkeleg skifter Per frå å vilja vera jamsides Olav til å sjå han i augo, som då dei søkte tilflukt i skogholtet.

Det dekadente

Både Per og Olav vel altså å følge «reglane» i «det store spelet». Innanfor romanuniverset blir dette grunngeve ved at dei blir kontrasterte mot andre karakterar som bryt med det patriarkalske systemet – om enn på andre vis. Mest tydeleg blir Per og Olav spegla i Pers veslebror Åsmund og venskapet hans med Knut Prikken. Knut er ein fattig stakkar som får jobb som hyrding på Bufast. Her kjem altså endå eit nikk til hyrdediktinga, men på ein meir ambivalent måte. For i del 2 av *Det store spelet* glir skildringar av Pers lengt etter Olav typisk over i refleksjonar om den mystiske relasjonen mellom Åsmund og Knut. Sjølv måten teksta er bygd opp på, underbyggjer altså at desse to venskapsrelasjonane er parallellar.

Ikkje heilt ulikt dei to eldre gutane blir Åsmund og Knut omtala som åtskilde frå omverda. «Dei tvo knottane vart berre vekte um morgonen og gjevne mat, og so var det åt skogen med dei. So var dei som døde og burte i mange timar». Kva dei elles gjer saman, er hemmeleg: «Dei kvarv einstad etter. Ingen hadde retteleg greide på kva dei tvo for med». Men etter ei stund vil ikkje Åsmund vera i lag med Knut Prikken, noko han unnvikande forklårar slik: «– Me hev no ikkje gjort stort gale heller me, men. Men me er syndarar, so – [...] – Gud hev set alt det me hev gjort». Etter kvart dør Knut av blodforgifting, medan Åsmund, som ikkje har odel, blir student og bybuar. I oppfylgjaren, *Kvinnor ropar heim*, sender Åsmund stadig brev heim og ber om pengar. Han bryr seg ikkje stort om ungane til Per og Signe:

– Du er so narreleg med dessa ungane at det er ein gru, sa Åsmund.

Åsmund skulde reise att når nokre varme stride onnevikor var gjengne.

Utanum, stod det skrive på honom. Tilbakars til turre bøker og raslande papir.

Vesaas skreiv sjølv at *Det store spelet* var eit forsøk på å «skrive av seg eitkvart» etter at han sjølv hadde sagt frå seg odelen.² Romanen har altså sjølvbiografiske trekk på

² Sjø Steinar Gimnes: *Angen frå vår stutte tid*, s. 283.

eit reint symbolsk nivå. Kanskje er det Vesaas sitt eige skråblikk på den turre, intellektuelle bybuaren vi ser her, ein type han til dels identifiserte seg med?

Øg når Åsmund som vaksen kjem heim på vitjing, er han framandgjort frå gardslivet:

Dette året kom Åsmund heim ein tur i slåtten. Han vart møtt av so mykje ungar at han stod lo.

– Det var då ein fæl aling de driv her.

Per totte han høyrde ein liten snert av spott hjå Åsmund. Åsmund stod i fine klæde og med fine hender. Augo hans var framande og kjølege. No var han på veg til å få ein ny måte å sanse på attåt å føre seg fram på.

Åsmund òg gifter seg og får barn. Men der garden Bufast er full av ungar og mjølk som renn frå både jur og kvinnebryst heile tida, får Åsmund berre eitt barn. Han blir heilt tydeleg framstilt som lite livskraftig, veik og utarma av bylivet. Med skeive briller kan vi forstå broren til Per i ljøs av at bylivet på denne tida var assosiert med ei farefull feminisering av menn. Skildringa av Åsmund og Knut er eit vrengjebilete av Per og Olav som alluderer til førestillingar om den degenererande verknaden av erotikk mellom menn. Ved å distansere seg frå Åsmund og Knut kan Per og Olav symbolsk ta avstand frå erotiserte likekjønna relasjonar og føre patriarkatet vidare – som brikker i eit spel der dei sjølve har sterkt avgrensa handlingsrom, under trugsmål om utfrysing eller død.

Dette kan underbyggjast ved at både Olav og Åsmund har endå ein karakter dei blir spegla i, og kontrasterte med. Det dreiar seg om ein annan som er «utanum», nemleg Pers utviklingshemma veslebror Botolv, som døyr tidleg. Når Per drøymmer om Olav om nettene, vaknar han alltid og innser at han ligg ved sida av «[d]en granne varme kroppen hans Botolv». Botolv-karakteren kan vi igjen forstå i samanheng med handelskaren Skrim, og vi skal sjå korleis desse karakterane blir kopla saman i ei viktig scene. Skrim reiser rundt i bygdene og tilbyr seg å kjøpe fe bøndene ikkje er i stand til

å fø etter ein turkesumar. Han blir forakta av bygdefolket iom. at han representerer økonomisk krise og kapitalistisk utbyting. Samtidig gjev han Per ei moglegheit til å reise ut for ei stund. Per og skulekameraten Hans blir hyrte til å vera kyrdrivarar når Skrim skal ta dyra med inn til byen. Der tek dei inn på hotell, og Skrim går ut einsleg for å drikke. Då skjer dette:

No sov Hans her jamsides.

Per døste.

Kvifor hadde Botolv rist tvert i gjennom seg då han skyna han skulde døy?

No stilna her utpå gata. Men ljuset stod inn. Ein var i byen. Der var aldri myrkt.

Jau der var myrkt. Kven var det som tala?

– Du Per! sa det.

– Ja, sa han.

– Ser du meg?

Per var nåmen. Her var myrkt. Og so tala her ut or myrkret.

– Ja no kjem *eg* og Per, sa det, med stygt mæle.

– Kva!

Helvete – tenkte Per, Helvete –

Ei hand kom ut av myrkret, han såg henne ikkje, ho gramsa på honom, han døydde, og sette i ei vill buring og vrengde augo som den store stuten på Bufast. Han var død og sat i ei seng og slo ikring seg. Einkvan rava og bavla innmed honom. Her let ei banning. Slik banna Skrim den tid ein levde og fylgdes på jordi med honom –

Kanskje kan vi seia at Botolv, Åsmund og Skrim alle viser fram alternative livsformer som bryt med den reproduktive heteronormativiteten, slik Per (og kanskje Olav) er freista til å gjera. Men i motsats til Botolv, Åsmund og Skrim er den erotisk lada venskapen mellom Per og Olav vitalistisk, livgjevande og maskulinitetsdyrkande. Romanen kontrasterer trena, solbrune gardbrukarkroppar som er knytte til éin stad

med omflakkande, sjukelege individ som ikkje har nokon naturleg plass innanfor den patriarkalsk funderte garden Bufast. Den sunne forma for homoerotikk er og blir knytt til ein barndom der alle moglegheiter er opne, men må fråvikast idet Eilev døyr og Per med eitt kjenner det riktig å overta garden – imot dei tunne røystene som nektar idet han dels motviljug blir klemmt ned mot jorda. Etter mitt syn er det denne grunnleggjande ambivalensen som reddar Bufast-romanane frå å vera reine avvisingar av det homoerotiske, det dekadente og det livsudyktige, som Botolv. Vesaas viser seg her som ein meister i å skildre den menneskelege tilstanden av å vera knytt til både menneske, ikkje-menneskelege dyr og det fysiske miljøet på måtar som stiller individet overfor umoglege val.